



Danseleikgruppa sist med instruktør Camilla Nappen fremst.

Turngruppa legg opp til ei flott innleiing av vårsesongen. Som i fjor skal dei ha ei aktivitetshelg for alle aldersgrupper. Samlinga i fjor vart særdeles vellukka med deltakarar frå 6 til 67 år. Den komande aktivitetshelga vil gå av stabelen 22. og 23.januar. Aktivitetane er fordelt på Aktivitetshuset, Helgheim og ute i friskluft.

Det er eit variert og godt samansett program arrangørane tilbyr deltakarane. Fredagen vert det først danseleik for dei yngste(1.-3.klasse) og deretter yogakurs i Helgheim. Parallelt er det zumba og bootcamp i Aktivitetshuset.

Laurdag startar det heile opp kl.10. Då vert det ei aktiv økt for 4. - 7.klasse. Denne vert etterfulgt av utetrening både for menn og damer. Geir Ove Fosse leiar økta for mennene medan Marianne Korsvoll styrer damene. Vidare utover dagen vert det både zumba og crossmix med avspenning, før det vert avslutning(18 års grense) i Helgheim frå kl.19 og utover. Der skal dei mellom anna kosa seg med Nibblemat frå SmakifråOska.

Det er førehandspåmelding til aktivitetshelga. Det kan gjerast til tlf. 958 24 652 eller til janne.hjelmeland@me.com. Påmeldingsfristen er sett til 15.januar 2016. Dette er eit flott tilbud, og det er god grunn til å tru at denne aktivitetshelga vert like vellukka som sist.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen.